

Sanning

Motto: «Vennskap, kjærlighet og sannhet»

Sanning er eit svært mangetydig omgrep. Når me seier at jorda er rund, er det ei sanning som ingen tvilar på, for den lar seg undersøkjia vitskapleg. Hevdar me derimot at president Trump var ei ulukke for Amerika og resten av verda, er det ei sanning som er mykje vanskelegare å bevisa. Det som er sanning i eitt land, er gjerne løgn i eit anna, og det som blir tatt for god fisk i dag, luktar gjerne ille i morgon. I politikk og krig seiast det at sanninga er den første taparen. I ein slik samanheng skjønner me at sanning er eit relativt omgrep. Nokre sanningar har langt liv, andre kort, og er stort sett avhengige av augo som ser.

På Jesu påstand om at han var kommen for å vitna om sanninga, svarar Pilatus: Kva er eigentleg sanning? I ei tid der såkalla alternative fakta og fake news synest å ha blitt politisk mote, er det ikkje alltid så godt å vita kva ein skal tru.

Det same gjeld såkalla filosofiske sanningar. Kven er eg, kor kjem eg frå, kor går eg hen, kva er meininga med livet, kva er det høgaste gode, kven er lukkeleg, er ei livsløgn nødvendig? «Tar du livsløgna fra et gjennomsnittsmenneske, tar du lykken fra det med det samme», seier Ibsen i «Vildanden». Kva vil det seia å vera seg sjølv? Den gamle Peer Gynt trur han har vore seg sjølv, men får berre beskjed om at han har vore seg sjølv nok. Det er ofte slik at det du trur, avgjer kva du ser, her og.

I den konteksten sanning står i vårt motto, ligg vekta først og framst på det sosiale, og har dermed openberre moralske implikasjonar. I samspelet mellom oss menneske er det å tala sant grunnleggjande for at me skal fungera i ein fellesskap. Bodet «Du skal ikkje lyga» dreiar seg ikkje om fiske- og jaktskrøner, om fantasifulle utbroderingar som er meinte humoristisk, men å forhindra at den tilliten som er nødvendig for å leva saman, blir broten. Me må kunna stola på kvarandre fordi me eigentleg er utleverte til kvarandre som medmenneske og samfunnsborgarar.

Sanninga skal alltid tena nestekjærleiken, som er sentrum i mottoet vårt. Dermed er det langt frå alle sanningar som fungerer som sanning. Tenk på henne som vart gripen i å liggja med naboen. Farisearane stilte opp med ei sterk sak: Gripen på fersk gjerning, Moselova krev steining. Meisteren sitt svar hadde dei ikkje rekna med: Den som er utan skuld, kan kasta den første steinen.

Gripen-på-fersk-gjerning-sanningane er alltid takknemlege å bringa vidare, for dei er utan tvil sanne. Me møter dei i paparazzi-fotoa, i skandalepressa, i sladderspaltene, har du høyrst, har du sett.

Problemet med denne type sanning er at den er nådelaus og ofte øydeleggjande for den som vert uthengd. Nestekjærleiken møter ikkje vår nestes feil, fall og ulukke med skadefryd eller moralsk forarging- og solar seg ikkje i andre sin umoral. «Eg takkar deg Gud for at eg ikkje er som andre menneske, som svindlar, gjer urett og bryt ekteskapet, eller og som den tollaren der», sa farisearen i tempelet. Han er ikkje åleine, for sanninga om andre er alltid enklare å forstå og fortelja vidare enn sanninga om oss sjølv.

”Du skal ikke dømme den som er sunket i slam! Du skal si til ditt hjerte: Denne gang var det ham. Og så kan du bøye ditt hode i sorg og skam”, seier Arnulf Øverland i diktet «Loven». Det er ikkje alltid slik at me fortel negative sanningar om vår neste av rein vond vilje, eller sprer løgner som me veit er løgner, men stundom kan taktløyse, tankeløyse og mistydd god meining føra til uboteleg skade. Me bør generelt fortelja sanninga, men ikkje alle sanningar bør forteljast, blir det sagt.

Kanskje Luther si forklaring til det åttande bodet ikkje er så gammaldags, trass i at den vart skriven for bortimot 500 år sidan: Å unngå å lyga for vår neste, dreiar seg ikkje berre om å unngå å svika han eller tala vondt om han, men og om å orsaka han, tala vel om han og ta alt i beste meining. Kor mykje ros og gode ord deler me ut til kvarandre, kor villege er me til å bera over med kvarandre for manglar og tilkortkommingar, og kor dumme og godtruande er me om me ikkje tar alt i verste meining?

Desse refleksjonane gjeld og i høgste grad når me snakkar om vennskap. Den som stadig er nådeløst ærleg med vennene sine, har til slutt ikkje så mange att. Ein har sagt det slik: «Det er viktig for vennene våre å tru at me er ærlege overfor dei utan særleg atterhald, og viktig for vennskapet at me ikkje er det.» Dei som stadig går rundt og skal avsløra dei små og store livsløgnene våre, blir sjeldan særleg populære. Kanskje ligg ei barmhjertig løgn nærare sanninga enn brutal ærlighet, og ei vennleg formaning verkar ofte betre enn sur kritikk. Likevel, sanning og løgn, ærlegdom og uærlegdom går ikkje berre på det me seier, men og i høgste grad på det me ikkje seier. «Å tala er sølv, å teia er gull», seier ordtaket. Å halda tann for tunge kan nok i mange tilfelle vera både lurt og barmhjertig, men når det å teia berre blir uttrykk for feighet, egoisme eller vilje til å skjula sanningar som burde vore fortalde, fungerer tausheten som løgn.

Eit problem me har som menneske, er at evnen vår til å oppdaga løgner er svært dårleg utvikla. Kven lyg og kven snakkar sant i retten, for eksempel. Ikkje så rart dei har funne opp løgndetektoren. Eller kanskje er det så enkelt at visse små, kvite løgner er nødvendige for å leva greitt med oss sjølv og andre. Me må berre passa på at me ikkje blir fargeblinde. For i siste instans er det det dreiar seg om, at me sjølv må ta ansvar for å leva eit liv der sanningsidealet blir rettesnor og ikkje berre ei tom frase, kunnskap nok til å vita når me skal tala og når me skal teia, og vilje og ryggrad til å leva slik me lærer.